

Høringsvar om North Connect

Fellesforbundet avd. 57 – Nord Rogaland går inn for å nytte norsk vasskraft til industriell verdiskaping og fordeling i Norge, ikkje til enno meir krafteksport. Den omstridte NorthConnect-kabelen vil føre til ytterlegare auke i kraftpris og nettleige i Norge, på bekostning av store og små straumkundar. Dette vil etter vårt syn ha negativ verknad for mange lokalsamfunn og kommunar som har kraftforedlande industri. Ei eventuell utflagging av norske industriverksemder basert på rein og fornybar norsk vasskraft, til land med lågare klima- og miljøkrav, vil vere katastrofalt for Norge som industrinasjon. I tillegg fryktar vi at NorthConnect kan føre til ytterlegare press på å få bygd ut vasskraft og vindkraft i sårbare naturområde.

På denne bakgrunn vil Fellesforbundet avd. 57 – Nord Rogaland oppmode Olje- og Energidepartementet om å seie nei til søknaden frå NorthConnect KS om å få bygd ein gigantisk utanlandskabel frå Sima i Hardanger til Skottland.

Hilsen

Steffen Høiland, leder

Fellesforbundet avd. 57 – Nord Rogaland.